



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet		

Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - E134 Flothyl-Haukeli del 1 - utbetring av veg

Vedlegg

- 1 Dispensasjonssøknad E134 Flothyl-Haukeli del 1
- 2 Vedlegg 1 C004-C009.pdf
- 3 Oppsummering merknadar oppdatert 051125.pdf
- 4 Statsforvaltaren
- 5 Telemark fylkeskommune
- 6 NVE
- 7 Knut Olav Flothyl
- 8 Trond Neri Flothyl

Dokument i saka

[Kommuneplanens arealdel](#)

[Kommunedelplan Edland - Haukeli](#)


Bakgrunn

Vinje kommune har motteke søknad frå Statens vegvesen (SVV) om dispensasjon for utbetring av veg på E134 mellom Flothyl og Haukeli, 19.09.25. Det blir søkt om dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommuneplanen sin arealdel og KDP Edland/Haukeli. Det blir også søkt dispensasjon frå byggegrense mot vassdrag på 50 meter, ref. føresegn 5.1.1 i KPA og føresegn 5.1 i KDP Edland/Haukeli. Tiltaksområdet treff ein regulert innkøyring i reguleringsplanen Crossbane Haukeli 93/2 og 93/28 (planID 20140004), der arealføremåla er Kjøreveg og Annen vegggrunn - grøntareal. Tiltaket reknast å vera i tråd med desse arealføremåla, og det krevst ikkje dispensasjon frå denne planen.

E134 er ein viktig transportkorridor mellom aust og vest, og søknaden skildrar at strekninga Flothyl-Haukeli har utfordringar knytt til smal veg, dårleg kurvatur og utrygt sideterreng. Det har vore fleire ulykker, og tiltaket vil betre både tryggleik og framkomst. I tillegg vil heving av

veglinja bidra til flaumsikring. Inngrepa skjer i hovudsak innanfor eksisterande vegtrase og med avbøtande tiltak for naturfare og miljø.

Arbeidet er planlagt i to delar, og dei søker no om dispensasjon for del 1, ei strekning på om lag 4,3 km. Eksisterande veg mellom Flothyl og Haukeli skal breiddeutvidast, samt at både horisontal- og vertikalkurvatur skal utbetrast. Vegen skal utbetrast etter H1-standard, jf. N100, som inneber at vegen vil få ei breidde på 9,0 m, forsterka midtoppmerking og asfaltert skulder på 1,0 m. Forsterking av bæreemne, skifting av stikkrenner og å sikre tilstrekkeleg handtering av overvatn er ein del av utbetringsprosjektet. Langs strekninga er det 25 stikkrenner, og ei bru som vert vurdert før byggefase.



Figur 1. Oversiktskart der tiltaksområdet er avmerkt, og inndelt i del 1 og 2.

Veglina fylgjer i hovudsak eksisterande trasé, men er justert fleire stader. Avkøyringar blir vurdert og tilpassa, og tilkomst til alle eigedomar blir sikra. Ved Moane er det teke omsyn til dyrka mark ved å unngå inngrep i desse areala. Viser til vedlagt søknad for nærare utgreiing om tiltaket.

Dispensasjonssøknaden vart sendt på høyring til offentlege instansar og råka partar 19.09.25. Svarfristen blei sett til 17.10.25 og det kom fem merknadar, oppsummert under.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, 14.10.25:

Statsforvaltaren melder at dei ikkje har vesentlege merknadar til tiltaket, og ber om å få tilsendt kopi av vedtaket.

NVE, 17.10.25:

Som det er omtalt i rapporten frå SVV er det planlagde tiltaket utsett for flaum- og skredfare. NVE legg til grunn at dette blir vareteke som omtalt i rapporten. For tiltak i og nært vassdrag, må ein vurdere om omsynet til vassdrag og vassdragsverdiar er varetatt. Det gjeld ei generell aktsemdsplikt for tiltak i vassdrag (vassressurslova § 5). Kommunen har ikkje gjort ei konkret vurdering av om vilkåra for å gje dispensasjon frå pbl. § 1-8 eller føresegner i plan ligg føre, eller om omsynet til vassdraget er tilstrekkeleg varetatt.

SVV: Fylgjast opp i byggefase med aktuell fagressurs. På delar av strekninga vil det bli større avstand til vassdrag enn med dagens situasjon. Kommunen vil i sakshandsaminga ta stilling til om vilkåra for å gje dispensasjon er til stades.

Telemark fylkeskommune, 20.10.25:

Vegen ligg i sin heilskap langs vassførekomsten Flothylåi-Kjelaåi (ID: 016-2861- R). Tiltakshavar oppgjer at breiddeutvidinga ikkje vil påverke vassdraget utover det dagens veg gjer. Oversende dokument omtalar ikkje tilstand i eller påverknader på bekkane i Flothylåi bekkefelt (ID 016-3096-R), utover at brua over Vardhovdbekken skal bytast ut med stikkrenne. Etter fylkeskommunen si vurdering vil overgangen til stikkrenne innebære ei forverring i høve til dagens løysing med bru, og dei frårår difor dette. Oppmodar om at brua vert utvida, eller at ein tek i bruk halvkulvert som bevarer den naturlege bekkebotnen. Det er viktig at den nye løysinga ikkje skaper barrierar i vassdraget. Viser til retningsline i vassforvaltningsplanen, særleg retningsline 1.2 og 1.3. Minner om at dei andre bekkane i bekkefeltet òg må takast omsyn til, både i planlegginga, anleggsfasen og driftsfasen.

Fylkeskommunen kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket, og har ingen merknadar til tiltaket, men gjer merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8 andre ledd.

SVV: Det er gjort ei flaumvurdering av Vardhovdbekken. Resultatet av vurderinga vil bli lagt til grunn for dimensjoneringa. Det vil bli sendt inn søknad om fysiske tiltak i vassdrag, og detaljar og val av løysing vil skildra og vurdert i denne. Det er eit mål å etablere ei løysing som kan bidra til å forbetre tilstanden.

Knut Olav Flothyl, 02.10.25:

Skjering over veg opp mot dyrka mark er særst bratt. Det er planta skog for å binde jorda, og vegetasjonen har funksjon som skjerming mot veg (støy). Ser føre seg at planlagt tiltak med breidding av veg, vegskulder og skjering fører til at ein må langt inn på eigedomen. Stiller spørsmål til kompensasjon for ev. tap av dyrka mark, og alternativ til støyskjerming. Avkøyning til Kastet har dårleg sikt, og det er sett på mogleg omlegging lengre vest. Avkøyninga må vera minst like stor som i dag. Avkøyning til Bergås har også dårleg sikt.

SVV: SVV vil ha dialog med grunneigarar om løysing av veg forbi skråning, og avkøyning til både Kastet og Bergås. Detaljar vert løyst i byggefase.

Trond Neri Flothyl, 21.10.25:

Positiv til vegutbetring. Viktig at avkøyningar til både bustadar og driftstilkomstar vert teke omsyn til. Strekninga Haukeli-Vågsli er mykje bruka av syklistar, joggarar og gåande. Det kunne vore eit godt tiltak å ha ekstra brei vegskulder slik at mjuke trafikantar fekk ein plass lenger vekk frå tungbiltrafikken. I neste byggetrinn er det også tidlegare lagt til rette for gåande på utsida av autovernet ved Hysten på Flothyl. Ein ynskjer dette vidareført eller helst lagt endå betre til rette.

SVV: SVV vil ha dialog med grunneigarar om løysing av avkøyningar og driftstilkomstar. Detaljar vert løyst i byggefase, og i dette tilfelle i neste byggetrinn.


Vurdering

Tiltaket rører i hovudsak skogareal med låg verdi. Dyrka mark blir ikkje råka, og driftstilkomstar blir vidareført. Arealbeslaget er avgrensa og skjer i all hovudsak innanfor eksisterande vegtrase. Landskapsverknadene er avgrensa. Nokre høgare skjeringar og opnare landskapsrom vil oppstå, men dette vurderast som akseptabelt sett opp mot tryggleik og funksjon.

Vurdering av naturmangfaldlova §§ 8 til 12

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynd, jf. naturmangfaldlova § 7. Det er ingen registreringar av naturtypar i sjølv tiltaksområdet i Naturbase. Det er registrert funn av nokre artar som er registrert som livskraftige, samt frammandarten hagelupin (SE). Noko areal tett på vegen vil bli varig endra, men tiltaket vurderast å ikkje få konsekvensar for naturmiljø.

Det er [registrert funn](#) av insektarten liten gullhale (*Xylota xanthocnema*) i 2016. Funnstaden ligg tett på tiltaksområdet. Arten er vurdert som sårbar (VU) på Norsk raudliste for artar 2021. Kategoriseringa kjem av avgrensa geografisk utbreiing. Arten kan bli påverka av uttak av gamle tre, ståande og liggjande død ved, intensive former for skogbruk (flatehogst og treslagsskifte), og generell reduksjon av eigna areal. Det leggjast inn vilkår om å ta vare på dødt trevirke og å ikkje flytte det for langt vekk, slik at ein minskar påverkinga på denne arten.



Figur 2. Funnstad for liten gullhale i 2016.

Vassdrag

I Vann-nett er vassførekomstane i nærleiken registrert og undersøkt for økologisk tilstand/potensial. Dei er ikkje definert for kjemisk tilstand.

[Flothylåi - Kjelaåi \(016-2861-R\)](#) – SMVF med moderat økologisk potensial. Denne elva renn langs E134 i tiltaksområdet. Miljøtilstanden er satt på grunnlag av påvekstalgat undersøkt i 2012, botnfåuna undersøkt i 2010, og hydromorfologiske endringar som fylgje av regulering. Det er dei hydrologiske endringane som har registrert stor grad av påverknad, mens m.a. avrenning frå vegtransport er registrert med liten påverknad. Denne vassførekomsten har i regional vassforvaltningsplan mål om å oppnå godt økologisk potensial i perioden 2022-2027. Tiltak i regional vassforvaltningsplan for å betre miljøtilstanden var å auke minstevassføring frå Hyljelihylen utover dagens konsesjonskrav, men dette blei avvist ved kgl.res. av 17.06.22.

[Flothylåi bekkefelt \(016-3096-R\)](#) – god økologisk tilstand, på grunnlag av forsuringsparameter undersøkt i 2021.

Ein ser ikkje at utbetringa av vegen vil føre til forverring i form av påverknad frå E134. Det er planlagt å heve vegen og trekkje den lenger vekk frå vassdraget der det er mogleg, og det blir nytta mur og tilpassa skråningar for å unngå inngrep. Kantvegetasjon blir i stor grad oppretthalden. Det er viktig å sikre vassdraget mot tilrenning under anleggsarbeidet, slik at utilsikta forureining vert samla opp.

Når det gjeld utskifting av bru med stikkrenne er dette tiltaket ikkje tilrådd av fylkeskommunen. Kommunen si vurdering er at dette må avklarast med fylkeskommunen når vegvesenet søker fylkeskommunen om løyve til fysiske tiltak i vassdrag. Det blir sett som eit vilkår at den løysinga ein endar opp med er godkjent av fylkeskommunen. Det er viktig at tiltaket ikkje forverrar vassmiljøet i Kjelavassdraget, og at ein legg til grunn at tiltaket gjennomførast med eventuelle avbøtande tiltak og vilkår gjeve av fylkeskommunen.

Vurdering av dispensasjon

Etter plan- og bygningslova § 19-2 kan det gjevast dispensasjon dersom omsyna bak planen ikkje vert vesentleg tilsidesett, og fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempene. Det er positivt at eksisterande veg blir utbetra framfor å byggje ny trasé. Trafikkmengda er aukande, og det er behov for betre standard og tryggleik. Tiltaket omfattar breiddeutviding, utbetring av kurvatur og stigingsforhold, og skal bidra til auka trafikksikkerheit og betre framkomst for både person- og godstransport. Dårlege siktforhold vert utbetra, og avkøyringar blir tilpassa for tryggare bruk. LNF-formålet blir ikkje vesentleg tilsidesett. Areal som blir råka er i hovudsak småskog og attgrodd areal, ikkje produksjonsskog eller viktige friluftsområde. Dyrka mark blir ikkje omdisponert. Ulempene er i hovudsak knytt til noko større inngrep i sideareal, men desse areala er allereie del av vegens sikkerheitssone. Fordelane ved tiltaket vurderast som klart større enn ulempene.

Etter ei samla vurdering av tiltaket, konsekvensane og omsyna bak plan- og bygningslova, vurderer kommunedirektøren at vilkåra i PBL § 19-2 for å kunne gje dispensasjon er oppfylte. Omsynet bak LNF-formålet og byggegrensa mot vassdrag blir ikkje vesentleg tilsidesett, og fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempene.

Konklusjon

Kommunedirektøren rår til at det blir gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel og kommunedelplan Edland/Haukeli, og frå byggegrense mot vassdrag. Det leggjast til vilkår for å sikre vassdraget og vassførekomstane rundt. Dei spesifikke detaljane kring bru/stikkrenne må avklarast i søknad om tiltak i vassdrag.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Plan- og miljøutvalet gjev Statens vegvesen dispensasjon frå arealføremålet LNF og byggjegrænse mot vatn i kommuneplanens arealdel og kommunedelplan Edland/Haukeli, i medhald av pbl § 19-2, for å utbetre veg som omsøkt, med desse vilkåra.

Vilkår:

1. Tiltak mot forureining i anleggsperioden må vera på plass før arbeidet kan starte.
2. Tiltak i vassdrag skal løyvast av fylkeskommunen, jf. § 1 i forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.
3. Dersom tiltaket rører ved dødt trevirke, skal dette flyttast til ein stad i nærleiken slik at påverknaden på liten gullhale avgrensast.
4. Det må gjerast tiltak for å avgrense ytterlegare spreiding av framandarter. Forureina masser med framandarter skal ikkje nyttast mot vassdrag. Forureina masser med hagelupin som ikkje nyttast i området skal leverast til godkjent deponi. Maskiner som handterer masser med framandarter skal reingjerast før og etter arbeidet er utført for å hindre spreiding.
5. Dersom ein ved tiltak i marka treffer på automatisk freda kulturminne, må ein straks stanse arbeidet og varsle den regionale kulturminneforvaltninga, jf. § 8, 2. ledd i kulturminnelova av 9. juni 1978.